



Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 Ølen
Att. Ingrid Johannessen

Kontakt saksbehandlar

Christina Tangen Bendikssen, 51568898
e-post: fmroctb@fylkesmannen.no

Vedtak Vindafjord kommune - forlenging av bandleggingssone for ny E134 - Vindafjord kommune

Vindafjord kommune har søkt Fylkesmannen om å forlenge bandleggingssonen for ny E134 på strekninga mellom Solheim og grensa mellom Rogaland og Vestland. Fylkesmannen godkjenner kommunens søknad.

Fylkesmannen viser til Vindafjord kommune si søknad om forlenging av bandleggingssona for ny E134 på strekninga mellom Solheim og Fikse i brev av 17.10.2019

Sakas bakgrunn

Saka gjeld søknad datert 17.10.2019 frå Vindafjord kommune ved Kommunestyret om å få «forlenge omsynssone bandlegging med 4 år frå 20.10.2019 for arealet som inngår i kommunedelplan E134 mellom Solheim og grensa mellom Rogaland og Vestland fylker». Bandleggingssona blei vedtatt i kommunedelplan for E134 Bakka-Solheim 20.10.2015.

Søknaden er grunngjeven med at omsynssona skal sikre at det ikkje blir gjort tiltak som kan gjere planlegging og utbygging av E134 vanskelegare eller dyrare. Kommunen opplyser at dei har behandla nokon få dispensasjonssøknader frå omsynssona, men ikkje kva utfallet har vore i sakane. Vegstrekninga er ikkje tatt med i Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029, og det er derfor ikkje sett av midlar til å starte reguleringsplanarbeid på strekningen. Kommunen viser til at det er «heilt avgjerande for samfunnsutviklinga at det er ein effektiv vintersikker veg sør for Hardangervidda. Ny E134, med arm til Bergen, vil vere det økonomisk klart beste traseen og den mest framtidretta korridoren mellom vest og aust. Det er avgjerande både når det gjeld sikkerheit, kostnad og klima for vareleveransar, og ikkje minst eit utvida arbeidsmarknad for å nå kompetansen industrien har behov for». Eit viktig politisk arbeid dei neste åra har vore og vil vere å få utbygginga av E134 inn i ny NTP. Manglande gjennomføring av vegprosjektet fører til stor usikkerheit og ekstra kostnader for næringslivet, noko som igjen kan få konsekvensar for kommunen når næringslivet vel å etablere seg der eller andre steder. God infrastruktur er livsnerven i bedrift- og samfunnsutvikling. Behov for arealbruksstyring fram til eit vedtak om reguleringsplan grunngjev søknaden.



Kommunen har varsla søknaden med annonse i lokalavisa *Grannar* og på kommunen si nettside. Det er ikkje opna for at innbygarane kan komme med innspel til søknaden.

Fylkesmannen viser elles til sakas dokumenter.

Fylkesmannen si vurdering

Søknadsplikt og søknadsfrist

Forlenging av bandleggingssonen krev godkjenning av departementet etter pbl. § 11-8 tredje ledd bokstav d, kor det heiter:

«d) Sone for båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet. Båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover er tidsbegrenset til fire år, men kan etter søknad til departementet forlenges med fire år».

Departementet si myndigheit til å forlenge verknaden av bandlagte områder i kommuneplanens arealdel blei delegert til Fylkesmannen i rundskriv T-6/96 30.12.1996.

Kommunal- og Miljøverndepartementets rettleier for kommuneplanens arealdel T-1491 gjer greie for sakshandsaminga i slike saker. Det går fram av kommuneplanrettleiaren at søknad om forlenging må vere sendt før fireårsfrista går ut. Søknaden er sendt innanfor fristen.

Vurdering av søknaden

Som kommunen gjer greie for i søknaden, følger det av lovkommentaren til pbl. § 11-8 at Fylkesmannen kan forlenge bandleggingsperioden i *«ytterligere fire år hvis det foreligger tilstrekkelig gode grunner for det. Behov for nødvendig arealbruksstyring i perioden fram til særlovsvedtak foreligger, er normalt en tilstrekkelig begrunnelse»*.

Spørsmålet er i det vidare om det er gjeve tilstrekkeleg gode grunner for å forlenge sona.

Bandleggingssoner etter pbl. § 11-8 tredje ledd bokstav d er vist til som ein type pusteromsføresegn, og forutset at kommunen følger opp sona med reguleringsvedtak. Utgangspunktet er at viss det ikkje er fatta vedtak om reguleringsplan innanfor dei fire åra bandleggingsperioden gjeld, må området tas opp til ny handsaming. Det er ikkje høve til å bandlegge det same området til same formål med ein gang perioden går ut. Vidare går det fram av kommuneplanrettleiaren s. 116 at områder berre skal tas inn som bandleggingsområde viss det er *«stor grad av sikkerhet»* for at bandlegginga vil bli gjennomført. Kommunen har m.a. grunngeve søknaden med at dei vil arbeide med å få området inn i ny Nasjonal transportplan (NTP) og på den måten sikra økonomi til å gjennomføre prosjektet. Ny NTP vil gjelde for perioden 2022-2033, og ligg derfor eit stykke fram i tid. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om det ligg føre tilstrekkeleg stor grad av sikkerheit for at prosjektet vil bli gjennomført i løpet av bandleggingsperioden. Når Fylkesmannen likevel er komme til at søknaden skal bli godkjent har vi lagt særleg vekt på at oppfølginga av bandleggingsperioden er forsinka på grunn av tilhøve som ikkje skyldast kommunen, som er avhengig av andre offentlege aktørar for å gjennomføre regulering. Vidare legg vi vekt på at det er sterke samfunnsmessige grunnar for å oppretthalde bandlegginga, jf. kommuneplanrettleiaren s. 116. Fylkesmannen viser til kommunens grunngeving i saksframlegg til politisk behandling av søknaden:

«Som delprosjekt er nye tunellar mellom Seljestad og Vågsli prioritert som det viktigaste prosjektet nå. Den stadig aukande stenginga på vinterstid, med påfølgjande lange omkøyringsvegar, fører til



stor usikkerheit og ekstra kostnader for næringslivet. Dette kan få konsekvensar for kvar næringslivet vel å etablera seg.

God infrastruktur er livsnerven i både bedrift og samfunnsutvikling. Det vil vere avgjerande at Haukelivegen med tilhøyrande prosjekter vert prioritert og utbygd i eit større tempo enn i dag. Bandleggingssona sikrar at denne delstrekninga for den mest effektiv traseen mellom vest og aust let seg byggja»

Vi oppmodar kommunen om å gjere denne avgjerda kjent.

Vedtak:

Fylkesmannen godkjenner kommunens søknad av 17.10.2019 med heimel i pbl. § 11-8 tredje ledd bokstav d.

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Tage A. T. Eriksen
fagleder/seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg